

Tysdag 29. august: (Med atterhald om endringar)

**Kl. 10.00**                    **Oppstart møte i Verdsarvrådet.**

Opning og velkomst ved Hans Erik Ringkjøb, leiar av Verdsarvrådet.

**VF 01/17**            **Innkalling, sakliste og møtereferat.**

**VF 02/17**            **Orienteringar og meldingar.**

1. **SUSTRANS – prosjektet:** Orientering ved Dina M. Aspen, forskar, NTNU.
2. **”Kommersielle ferjekonsesjonar og båtruter i verdsarvområdet Geirangerfjorden med omland»:** Løypemelding ved Inge Bjørdal , næringssejef, Stranda kommune.
3. **Revisjon av felles skiltmal for Vestnorsk fjordlandskap:** Status ved sekretariatet.
4. **Pilotprosjekt fagbrev reiseliv:** Orientering ved Hanne Lykkja, prosjektleiar, Nærøyfjorden Verdsarvpark/ Naturverkstad Valdres.
5. **Tildeling av tilskot over Statsbudsjettet kap. 1429 post 79 Verdsarv:** Orientering ved Arlen S. Bidne, rådgjevar, Sogn og Fjordane fylkeskommune.
6. **Uttale frå Norges Verdensarv sitt politiske råd – orientering ved leiar Hans Erik Ringkjøb.**
7. **Nye rammevilkår for verdsarvfjordane:** Uttale dagsett 24. februar d.å. frå Verdsarvrådet ved leiarane.
8. **Sjøfartsdirektoratet sin rapport om utslepp i verdsarvfjordane:** Pressemelding dagsett 7. juni d.å. frå Verdsarvrådet ved leiarane.
9. **Sjøfartsdirektoratet sin rapport om utslepp i verdsarvfjordane:**
  - Kopi av skriv frå Stranda kommune og Aurland kommune til KLD ved klima- og miljøministeren.
  - Kopi av skriv frå Stranda hamnevesen og Aurland hamnevesen til Sjøfartsdirektoratet.

**Kl. 11.20**            **Pause og beinstrekk. (10 min.)**

**VF 03/17**            **Kartlegging av utslepp og miljøpåverknad i verdsarvfjordane.**

*Dokument som ligg ved saka:*

- *Sjøfartsdirektoratet sin rapport om utslepp til luft og sjø frå skipsfart i fjordområde med stor cruisetraffikk. (Link: <https://www.sjofartsdir.no/contentassets/aa3110d909b74450b4f2dcf23d370280/direktoratets-rapport---05052017---versjon-01.pdf> )*
- *Oppdragsskriv frå KLD til Sjøfartsdirektoratet dagsett 4. juli då.*

Sjøfartsdirektoratet har som kjent fått i oppdrag av Klima- og miljødepartementet å kartlegge utslipp og miljøpåverknaden frå skipstrafikk i fjordane. Kartlegginga omfattar Geiranger-, Nærøy- og Aurlandsfjorden og gjeld både lokal skipstrafikk og cruiseskip.

Det er gjennomført 2 arbeidsseminar kor eit breitt utval av aktørar var invitert til å delta. Aktørane vart og oppmoda om å kome innspel og uttalar undervegs. Sjøfartsdirektoratet kunngjorde endeleg rapport den 4. mai i år. I skriv av 4. juli har KLD samstundes gjeve Sjøfartsdirektoratet i oppdrag å sjå nærare på og utgreie fleire av tiltaka som rapporten tilrår.

Verdsarvrådet ved leiarskapet har fremja både uttale og pressemelding til rapporten som no ligg føre.

Avdelingsdirektør Bjørn Pedersen hjå Sjøfartsdirektoratet deltek på rådsmøtet og vil føreta ein nærare gjennomgang av status og vegen vidare.

### **Framlegg til semje/ uttale frå Verdsarvrådet:**

*Saka vert lagt fram til uttale i Verdsarvrådet utan tilråding frå sekr.*

## **Kl.12.30**

## **Lunsj**

### **VF 04/17**

### **Tiltaksplanen for kulturlandskapet i Vestnorsk fjordlandskap.**

*Dokument som ligg ved saka:*

- *Pressemelding kulturlandskapsseminar.*
- *Program kulturlandskapsseminar .*

Tiltaksplanen for kulturlandskapet i verdsarvområda Vestnorsk fjordlandskap og Vega vart utarbeidd og vedtekne av høvesvis Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap og Vega kommune i juni 2007.

Planen har som kjent eit hovudmål å oppretthalde eit levande og opplevingsrikt kulturlandskap i Geirangerfjordområdet og Nærøyfjordområdet gjennom ekstra økonomisk støtte til det sjølvgåande og husdyrbaserte landbruket. Eit anna hovudmål er at tiltaksplanen skal styrke den faste busetnaden i verdsarvområdet.

Verdsarvrådet ved leiar, nestleiar og sekretariat har ved fleire høve fremja og synleggjort for sentrale styresmakter verdien av tiltaksplanen . Samstundes er det peika på at det er naudsynt å styrke økonomien i eksisterande ordningar i tillegg til å etablere ordninga med eit eige investeringsbidrag .

Tiltaksplanen er unik og var i si tid eit resultat av ein sterk og engasjert felles innsats frå både politikarar og administrasjon / fagpersonar. Verdsarvrådet handsama saka og på førre møte i Norddal som etter drøftingar og ordskifte samla seg om fylgjande:

*”I samband med innskrivinga av Vestnorsk fjordlandskap på verdsarvlista som Noreg sitt einaste naturarvområde, er det framheva at kulturlandskapet tilfører området ein kulturell dimensjon, som både utfyller og aukar verdsarvstatusen. Eit sjølvgåande husdyrbasert landbruk er vesentleg for å oppretthalde denne statusen og soleis den einaste realistiske løysinga for å ta vare på kulturlandskapet i området. Eit levande landbruk er og i mange høve avgjerande for vidare busetnad/ lokal samfunnsutvikling i grender og dalføre som verdsarven femner over.*

*Nærøyfjord- og Geirangerfjordområdet er, forsiktig sagt, eit svært attraktivt reisemål som årleg vert vitja av bortimot ein trekvart million gjester. Fjord- og fjellandskapet er i reiselivssamanheng Noreg sitt fremste fyrtårn. Vakre og maleriske bilete av verdsarvfjordane pregar internasjonale kampanjar i regi av både Innovasjon Norge og Fjord Norge.*

*Bevaring av kulturlandskapet har sidan innskrivinga på verdsarvlista i 2005 vore ei viktig og prioritert sak for Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap.*

*Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap er svært uroleg for utviklinga i verdsarvfjordane med omsyn til eksisterande og framtidig landbruksdrift.*

*Verdsarvrådet vil difor sterkt oppmode Regjeringa om å styrke sjølvgåande landbruksverksemd i og ikring verdsarvfjordane gjennom tiltaksplanen for kulturlandskapet ved å:*

- 1. Auke løyvingane til areal- og beitebidrag samt etablere dette som ei langsiktig ordning.*
- 2. Etablere økonomi til ordninga med investeringsbidrag slik at naudsynte*

*og framdriftsretta investeringar i driftsapparatet kan gjennomførast .”*

Etter initiativ frå saksordførar Arne Sandnes vart det i regi av Vestnorsk fjordlandskap gjennomført eit spissa kulturlandskapsseminar den 15. mai i Geiranger med tittelen ”*Kulturlandskap i fare*” – sjå vedlagt pressemelding / program.

Seminaret, som samla vel 80 deltakarar frå landbruk, reiseliv, forvaltning og utviklingsapparat, hadde eit variert program med føredragshaldarar med ulike perspektiv på utfordringane og mulige løysingar. Eit avsluttande og engasjert politisk panel debattert under oppsyn og leing av Geir Helljesen fleire av dei framkomne momenta frå innleiarane samt spørsmål frå møtelyden.

Ein konklusjon som seminaret kunne ta med seg frå det politiske ordskiftet var semje om at det lyt utviklast ein eigen landbrukspolitik for verdsarven Vestnorsk fjordlandskap.

Med dette som bakteppe vert spørsmålet no: Korleis tek Verdsarvrådet denne saka vidare.

Arne Sandnes vil i møte innleie til vidare drøfting om vegen vidare. I tillegg vi Trude K. Knagenhjelm, landbruksavdelinga , Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, orientere kort om fyrste søknadsomgang knytt til skjøtsel i verdsarvområda.

**Framlegg til semje/ uttale frå Verdsarvrådet:**

*Saka vert lagt fram til uttale i Verdsarvrådet utan tilråding frå sekr.*

**Kl. 14.00 Kaffipause og beinstrekk (10 min.)**

**VF 05/17 Besøksforvaltning og lokal samfunnsutvikling.**

*Dokument som ligg ved saka:*

- *Status- og framdriftsnotat pr. 18. august.*

Prosjektleiari deltek på møte og vil presentere status og vegen vidare fram mot avslutning og ferdigstilling av det 3-årige FoU-prosjektet.

**Framlegg til semje i/ uttale frå Verdsarvrådet:**

*Saka vert lagt fram til uttale i Verdsarvrådet utan tilråding frå sekr.*

**VF 06/17 Ymse.**